

Fra: Kusslid, Liv Astrid Nordheim <fmsflno@statsforvalteren.no>

Sendt: 29.08.2022 12:24:04

Til: Maya Greve <maya.greve@alver.kommune.no>, Liv Synnøve Andersen <liv.synnove.andersen@askvoll.kommune.no>, Magnhild Aspevik <Magnhild.Aspevik@laerdal.kommune.no>, Åse Marie Ravnestad (Ase.Marie.Ravnestad@gloppen.kommune.no) <ase.marie.ravnestad@gloppen.kommune.no>, Jon Anders Stavang <Jon.Anders.Stavang@kinn.kommune.no>, Guro Bakkerud <guro.bakkerud@sogndal.kommune.no>, Kjartan Nyhammer <Kjartan.Nyhammer@solund.kommune.no>, Trine Alme <trine.alme@gloppen.kommune.no>, Amund P. Hjelle (amund.hjelle@stryn.kommune.no) <amund.hjelle@stryn.kommune.no>, ola.kvaal@sunnfjord.kommune.no, Linn Hovlandsdal <linn.hovlandsdal@sunnfjord.kommune.no>

Kopi: Haugsvær, Bjørn-Harald <fmsfbhh@statsforvalteren.no>

Emne: Utsiktrydding: I haust er siste sjanse for å få utbetalt tilskot! E-posten inneheld oppgåver til kommunen

Hei!

De mottek denne e-posten då det er ein eller fleire uavslutta utsiktsryddings-saker i dykkar kommune (sjå lista på slutten av e-posten).

Tilskot til utsiktsrydding vart stengt for nye søknader i 2020, og **siste mogelegheit for utbetaling av tilskot til utsiktsrydding er desember 2022** (kontoen vert stengt av Landbruksdirektoratet innan nyttår).

For å vera sikra utbetalt tilskot til utsiktsrydding må **oversending av sluttrapport for utført utsiktsrydding vera innsendt frå kommunen til Statsforvaltaren innan 1.november**. NB! Denne innsendingsfristen gjeld for kommunane til Statsforvaltaren (oversending med kort tilråding frå kommunen). Kommunane må difor setja eigen frist for kortid de ynskjer søknadane innsendt frå søker til dykk mtp at de skal kunna gjennomføra stadleg sluttkontroll, sjå gjennom innsendt dokumentasjon, samt laga klar oversending med kort tilråding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren bed med dette om at de:

- *Snarast kontaktar søkerar i dykkar kommune med uavslutta utsiktsryddings-søknader jf lista under, og at de orienterer dei om arbeidsfrist/rapporteringsfrist inn til dykk (kommunen fastset frist sjølv)*
- **Gjennomfører oversending av avslutta saker til Statsforvaltaren innan 1.november**
- *Varslar underteikna per e-post dersom det er nokon av sakene i dykkar kommune som ikkje vert sluttstilte/ikkje skal tildelast tilskot (vi avsluttar desse søknadskontoane fortløpande etter kvart som vi mottek varsel frå dykk)*

NB!

- Prosjekt på lista under som har utgått arbeidsfrist kan også levera sluttrapport og få utbetalt tilskot
- Føretak som ikkje kjem i mål med heile tiltaket kan likevel rapportera på og be om utbetaling for den delen av tiltaket som er sluttstilt og som kan godkjennast. Her er det då viktig å oppgi kor mange dekar som faktisk er rydda og sluttstilt då det maksimalt kan utbetalast 70% av reell ryddekostnad + at det er eit tak for tilskot per dekar.

- **For tiltak der Statsforvaltaren ikkje har motteke oversending som inneheld sluttrapport frå utøvar saman med kort tilråding frå kommunen innan 1.november, vil midlane gå til inndraging utan varsel.**

Hjelp til søkerane:

Sluttrapporten skal innehalda:

- **Bilde dokumentasjon:** skal gje eit representativt bilde av rydda areal og event virke som er lagra i terrenget etter sluttstilt utsiktsrydding
- **Prosjektrekneskap:** skal syna samla utgifter og eige arbeid ein har hatt med utsiktsryddinga. Her kan fylgjande rettleiande satsar leggjast til grunn:
 - Manuelt arbeid utan motorisert reiskap (td kvistrydding): 300 kr/time
 - Arbeid med motorsag/ryddesag: 350 kr/time
 - Arbeid med traktor (mann og traktor/traktor med vinsj): 500 kr/time
 - Arbeid med traktor med fliskuttar: 750 kr/time
- **Kort sluttrapport** (td ½ side) som skildrarar korleis arbeidet med utsiktsryddinga har gått
- **Kontonummer** som tilskotet skal utbetalast til

Ta gjerne kontakt dersom det skulle vera noko som er uklart!

Liste over uavslutta utsiktsryddings-søknader i Vestland per 29.08.22:

- **Alver:** Jahn Tommy Midtgård
- **Askvoll:** Henrik Artur Veiesund
- **Aurland:** Helge Karlsen
- **Aurland:** Tero Gard
- **Fjaler:** Arne Heggheim
- **Gloppen:** Felde samdrift DA v/Anders Felde
- **Gloppen:** Odd-Kåre Flølo Eide
- **Gloppen:** Ryssdal grunneigarlag SA
- **Kinn:** Lars-Rune Halsør
- **Kinn:** Per Even Larsen
- **Sogndal:** Hege Klakegg
- **Sogndal:** Lars Arne Målsnes
- **Sogndal:** Oddvin Kvamme
- **Sogndal:** Aslaug Grinde Birkeland
- **Sogndal:** Laila Njøs
- **Sogndal:** Stig Ove Ølmheim (Kvålen)
- **Solund:** Hans I. Steinsund
- **Solund:** Ragnar Steinsund
- **Solund:** Rune Pollen
- **Stad:** Elin Stølen
- **Stad:** Sverre Leikanger
- **Stad:** Unn Henden
- **Stryn:** Espen Aarnes Søggaard

- **Stryn:** Ingebrigt Kyrkjeide
- **Stryn:** Nettet Fjordcamping v/Frida Kvamme Sølvberg
- **Stryn:** Rønnaug Leite
- **Sunnfjord:** Søvik gard, Daria Olimpia Marcinek-Søvik
- **Sunnfjord:** Johannes Fleten
- **Sunnfjord:** Terje Sæle
- **Sunnfjord:** Grim Erik Gillestad (prosjekt 1)
- **Sunnfjord:** Grim Erik Gillestad (prosjekt 2)
- **Sunnfjord:** Rune Hoff
- **Årdal:** Natvik gard

Med venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 30 87

E-post: fmsflno@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl